



Jobbnorge-ID: 253046
Søknadsfrist: 06.12.2023
Nettside: <https://www.alver.kommune.no/>
Omfang: Heltid
Varighet: Fast

Vi søker etter fastlege til stort kommunalt legekontor

Fastlege eller ALIS - lege - Frekhaug legesenter

Om stillinga

Vi har ledig 100% fast stilling som kommunalt løna fastlege i Alver kommune. Vi kan leggje tilrette for kandidatar som ønskjer stilling som ALIS-lege.

Om Frekhaug legesenter

På Frekhaug legesenter er det seks fastlegeheimlar med kommunalt tilsette legar og ein LIS1 lege. Vi bruker vi Infodoc plenario journalsystem i arbeidet. Kontoret er lokalisert på Frekhaug og godt innreia. Vi har parkering i gåavstand frå bygget.

Åpningstid og arbeidstid ved Frekhaug legesenter er kl 08:00 - 15:30. Individuelt tilrettelagt arbeidstid kan avtalast ved behov.

På Frekhaug legesenter er det tilsett fagleg dyktig hjelpepersonell i form av både helsesekretærer og ein sjukepleiar. Den eine helsesekretæren fungerer som driftskoordinator på kontoret og har ansvar for daglege driftsoppgåver.

Alver kommune har organisert daglegevakt på Nordhordland legevakt (NHLV). Det er også eit godt samarbeid mellom helsestasjonen, jordmøtenesta og fastlegekontoret som er lokalisert i samme bygg.

Alver kommune er godkjent utdanningsverksemd med avtale med spesialisthelsetenesta. For ALIS - lege vil det være veiledning under utdanningsforløpet.

Arbeidsoppgåver

- Arbeid som fastlege, med ei godt ivaretatt fastlegeliste med 800 pasientar
- Veildning av LIS 1 legen rullerar mellom legane
- Den som vert tilsett deltek i interkommunal legevakt (Nordhordland legevakt) på kveld, helg og natt. Offentleg allmennmedisinsk legearbeid eller daglegevakt på Nordhordland legevakt kan være aktuelt i inntil 7,5 time pr veke.

Korleis er det å arbeide som kommunalt tilsett fastlege i Alver kommune?

Som kommunalt tilsett fastlege har du 37,5 timars arbeidsveke. Vi ønskjer at legane som er tilsett hos oss skal kunne ha ein balanse mellom arbeid og fritid, og at det skal være greit å gå heim frå jobb når arbeidsdager er slutt. Om du arbeidar ekstra får du opparbeidd fleksitid som du kan ta ut i fri seinare, eller evt. utbetalt overtid.

Dersom du blir sjukemeldt, eller får born som er sjuke har du rettar på lik linje med alle andre tilsette i kommunen. Det er vårt ansvar å få inn vikar for deg dersom du blir langvarig sjukemeldt. Ved kortere fråvær nyttar vi kollegial fråværsdekning.

Når det gjeld administrasjon av kontoret med hensyn til hjelpepersonell og utstyr, så ordnar vi det for deg. Vi treng sjølv sagt at du formidlar kva du treng og kva du ønskjer, men du skal sleppe å bruke mykje arbeidstid på dette.

ALIS - legar får lovpålagte og naudsynte kurs dekkja av ALIS - tilskot. Fastlegar som er spesialistar og treng kurs/ vidareutdanning for å kunne jobbe som fastlege får dekkja dette frå arbeidsgivar, i kobinasjon med søknad om midler frå fond II frå legeföreningen. Du får fri med lønn til lovpålagte/ naudsynte kurs. Du vil også ha rettar i forhold til permisjonsreglementet, på lik linje med andre tilsette i Alver kommune.

Du vil delta i interkommunal legevakt ved Nordhordland legevakt på kveld, helg og natt. I gjennomsnitt vil du ha to vakter der i månaden, og då får du betalt timesats for arbeidet du gjer der. Vi er opptatt av at du skal ha kviletid, og dersom du arbeider natt til måndag vil du kunne få fritak frå arbeidet på kontoret på måndagen utan at du mister noko lønn for dette. Vi har no tilsett legar som skal gå reine nattevakter ved Nordhordland legevakt som gjer at du vil få mindre vaktbelastning på natt enn før.

Dersom det blir aktuelt med allmennmedisinsk arbeid eller daglegevakt ein dag i veka vil antalle pasienter på lisa kunne reduserast i henhold til mindre arbeidstid som fastlege.

Kompetansekrav

- Norsk autorisasjon som lege
- Fullført LIS 1 ved oppstart
- Gode norsk kunnskapar både munnleg og skriftleg
- Vaktkompetent, eller vilje til å oppnå dette
- Spesialist i allmennmedisin eller villig til å gjennomføre spesialistutdanning

Kven er du?

Vi søker ein lege som har gode samarbeidsevner og ein positiv innstilling. Du er løysingsorientert og kan handsame akutte situasjonar på ein god måte. Vi ser etter ein lege som kan samarbeide godt med pasientar i alle aldersgrupper. Du er motivert for å arbeid innan allmennmedisin, og ser for deg ein framtidig karriere innan dette fagfeltet.

Ta gjerne kontakt

Høyres dette freistande ut, men du er framleis litt usikker på om du skal søkje? Då vil vi anbefale deg å ta kontakt med enten avdelingsleiar Bente Bø Taule, eller tenesteleiar Tord Moltumyr (tord.moltumyr@alver.kommune.no). Dei svarer deg gjerne på spørsmål som du har om korleis det er å arbeide ved Frekhaug legesenter!

Vi tilbyr

- Spannande og variert arbeidskvardag
- Løn etter avtale
- Arbeidstid: 37,5 timers veke
- God pensjonsordning som kommunalt tilsett
- Rettar i forhold til permisjonsreglement, sjuke barn eller eige sjukefråvær på lik linje med andre tilsette i Alver kommune
- Dekka kurs/ naudsynt vidareutdanning for stilling som fastlege. Fri med lønn.
- Veiledning under ALIS forløpet
- Godt fagmiljø i regi av avdelingsleiar/tenesteleiar for legetenesta.

Politiattest

I tråd med helse- og omsorgstenestelova § 5-4 vert det stilt krav om tilfredsstillande politiattest ved tiltrede.

Vi er Alver

Bli kjent med Alver kommune

Video: https://www.youtube.com/watch?v=_xHE9zF24G4&ab_channel=Alverkommune

Velkommen til Alver kommune!

Alver kommune - Ein spennande organisasjon for engasjerte og kompetente medarbeidarar!

Velkomen til Alver kommune, ein kommune som har vakse til å bli ein av dei største kommunane i fylket. Med om lag 30 000 innbyggjarar og 2 700 dedikerte tilsette, har vi eit sterkt samfunn som søker å løyse utfordringar og utvikle seg vidare.

Vår plassering nord for Bergen gir oss privilegiet av ei variert og fascinerande natur. Frå rolege fjordar og opne havområde til majestetiske fjell og lokale toppar, byr Alver kommune på ei rekkje utandørs opplevingar. Vi er også stolte av å huse verdas beste korps og vere vertskap for eit rikt kulturliv.

Vi verdset meningsfulle oppgåver og ser på kvar einaste medarbeidar som ein verdifull bidragsytar til vårt viktige samfunnsoppdrag. Som ein del av vårt team vil du få moglegheita til å engasjere deg og bruke din kompetanse til å forme framtida til vår kommune. Vi legg vekt på å skape eit arbeidsmiljø der du kan bløme og utvikle deg. Alver kommune har heiltidskultur som satsingsområde i heile organisasjonen.

Bli med på vårt eventyr i Alver kommune, der vi søker etter dedikerte og dyktige menneske som ønsker å vere ein del av vår felles suksesshistorie. Vi ser fram til å ønskje deg velkommen og gi deg ei meningsfull og givande karriere hos oss.

Tilleggsinformasjon

Kontaktperson:

Bente Bø Taule, Avdelingsleiar

Telefon: 47459725 | E-post: bente.bo.taule@alver.kommune.no

Arbeidssted:

Kvernhusmyrane 25 5914 Isdalstø (Alver Kommune)